



Til

Miljødirektoratet

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

## Flostranda naturreservat - Fylkesmannen tilrår å redusere naturreservatet ved Veslebygda som følgje av bygging av ny tunnel til Flo på Fv 722

**Fylkesmannen tilrår at Flostranda naturreservat vert redusert med om lag 10 dekar som følgje vedtak av reguleringsplan for ny tunnel til Flo i Stryn kommune.**


**Tilrådinga må sjåast i samanheng med at Fylkesmannen i brev av 14.02.2019 til Miljødirektoratet tilrår at Flostranda naturreservat vert utvida med ca. 35,5 dekar etter prosedyren for frivillig skogvern.**

Vi viser til brev av 18.01.2018 frå Statens vegvesen med søknad om grenseendring for Flostranda naturreservat i samband med å realisere ny rassikker veg til Flo, Fv 722. Statens vegvesen utgreidde to alternativ i Veslebygda (A1 og A5), der det eine (A1) ville føre til inngrep i Flostranda naturreservat, medan det andre alternativet gjekk klar av naturreservatet.


Stryn kommunestyre vedtok i møte 19. desember 2017 reguleringsplanen der alternativ A1 (også kalla A1-B3) vart valt. Dette var i samsvar med Statens vegvesen si tilråding.

Statens vegvesen sökte difor i eit brev av 18.01.2018 om grenseendring for området som i godkjend reguleringsplan ligg innanfor Flostranda naturreservat i alternativ A1. Reduksjonen av naturreservatet gjeld det området som i godkjend reguleringsplan er synt som veg, tunnelmunning og naudsynt tilgrensande areal for gjennomføring av veganlegg, i alt ca. 10 dekar.

Figuren nedanfor syner alternativ A1 som er det vedtekne alternativet for tunnelinnslag i Veslebygda for tunnelen til Flo.



Kartet under av Flostranda naturreservat viser kva for areal Fylkesmannen tilrår å ta ut.



Ut frå Fylkesatlas kan det sjå ut som arealet som det vert søkt om å ta ut av Flostranda naturreservat hører til gnr./bnr. 6/1, 6/2, 6/3 og 6/4, men vi er usikre på om opplysingane er korrekte. Dei aktuelle gnr./bnr. vil framleis ha anna areal i Flostranda naturreservat.



Av di arbeidet med å endre grensa har teke lengre tid enn Statens vegvesen ønskte, fekk Statens vegvesen i eit brev av 11.09.2018 etter søknad løyve til å starte arbeidet med tunnelen på Fv 722 i Veslebygda i området som Fylkesmannen no tilrår å ta ut.

### Bakgrunn

Fylkesmannen har i fråsegner til planane om ny veg og tunnel til Flo meint at ei grenseendring/reduksjon kan aksepteras dersom areal som går ut vert kompensert med areal på nedsida av eksisterande veg mellom Veslebygda og Flo. Av naturfaglege rapportar frå Miljøfaglig utredning AS går det fram at det er naturverdiar her som kan styrke verneverdien av Flostranda naturreservat i høve til areal som går ut som følgje av ny veg og tunnel etter alternativ A1.

Planane om bygging av ny veg med tunnel til Flo kom fordi eksisterande veg mellom Veslebygda og Flo er svært utsett for ras og steinsprang. Det har vore fleire ras i seinare år, og det er difor viktig for Stryn kommune og alle som bur i Flo at tunnelprosjektet vert realisert så raskt som mogleg. Byggekostnaden kan vere avgjerande for realiseringa av prosjektet. Kostnadsoverslag viser at alternativet som ikkje inneber inngrep i naturreservatet er ein god del dyrare enn det som fører til inngrep i naturreservatet, likevel med +/-10 % uvissa for både alternativa.

Fylkesmannen gav si tilråding om val av vegtrasé i eit brev av 25.10.2017. Utifrå vurderinga til Miljøfagleg utredning om potensialet for avbøtande og kompenserande tiltak ved grenseendring for naturreservatet, kostnadsvurderingane, og signala Fylkesmannen fekk frå grunneigarane i området om å kompensere areal som vert teke ut, fann vi at det utifrå natur- og miljøinteresser var akseptabelt at alternativ A1-B3 vert godkjent. Elles meinte vi at alternativ som ikkje medførte inngrep i naturreservatet (A5-B3) burde veljast, også på grunn av den økonomiske uvissa på +/- 10 % ved dei to alternativa.

Fylkesmannen hadde eit møte 27.02.2018 med grunneigarane langs vegen, Stryn kommune og Vestskog, der tema var å kompensere areal som går ut med at grunneigarane tilbyr erstatningsareal på nedsida av vegen gjennom ordninga med frivillig skogvern. Det var stemning blant alle dei frammøtte grunneigarane for å få til eit erstatningsareal gjennom ordninga med frivillig vern, og semje om at Vestskog skulle ta kontakt med alle grunneigarane om dette. Etter dette møtet har alle grunneigarane på Flo som har areal på nedsida av fylkesveg 722 frå Marsåna i aust fram til eigedomsgrensa mot Veslebygda kome med tilbod om frivillig skogvern, eit område på i alt ca. 35,5 dekar (sjå kartvedlegg til dette brevet). I området som hører til Veslebygda vart det ikkje inngått avtale om frivillig skogvern. Det er store naturverdiar i området i Flo der det er avtale om frivillig skogvern, på høgde med det ein elles finn i Flostranda naturreservat, og vi reknar området som er tilbode som kompensasjon for området som vert teke ut, som ei fullgod erstatning.



Fylkesmannen sende eit brev 17.04.2018 med oppstartmelding om utviding av Flostranda naturreservat med dette området, etter prosedyren for frivillig skogvern. Høyring av framlegget om utviding vart send på høyring 02.10.2018, og Fylkesmannen sende si tilråding om utviding til Miljødirektoratet 22.01.2019.

### **Fråsegner til høyringsframlegget**

Det er ikkje kome fråsegner til framlegget om å redusere Flostranda naturreservat med ca. 10 dekar i vestenden av naturreservatet mot Veslebygda.

### **Saksgang vidare.**

Fylkesmannen har lagt opp til at dei to sakene med høvesvis reduksjon av Flostranda naturreservat og utviding av naturreservatet vil følgje kvarandre i tid så langt det er mogleg.

### **Konklusjon**

Fylkesmannen tilrår at Flostranda naturreservat vert redusert med ca. 10 da ved at eit område lengst vest i naturreservatet vert teke ut for å kunne lage til tunnelinnslaget for ny vegg tunnel på Fv 722 til Flo. Dette tilrår vi på bakgrunn av den pågående prosessen med å utvide Flostranda naturreservat med ca. 35,5 dekar i aust, ned til Strynevatnet.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

### Kopiadresseliste

Martin Flo (gnr/bnr 7/1), 6783 Stryn, [martin.flo1@icloud.com](mailto:martin.flo1@icloud.com)  
Kolbein Fridtun (gnr/bnr 7/2 og 7/7), 6783 Stryn, [kolfri@gmail.com](mailto:kolfri@gmail.com)  
Jon Nedre Flo (gnr/bnr 7/3), 6783 Stryn, [jon.nedreflo@enivest.net](mailto:jon.nedreflo@enivest.net)  
Egil Reidar Flo (gnr/bnr 7/4), 6783 Stryn  
Tor Hofrenning (gnr/bnr 7/5), Nybøvegen 7, 6783 Stryn, [tor.hof@online.no](mailto:tor.hof@online.no)  
Lisbet Aarnes (gnr/bnr 7/6), Årnes, 6799 Oppstryn, [lisbet.aarnes@enivest.net](mailto:lisbet.aarnes@enivest.net)  
Bjørn Inge Flo (gnr/bnr 7/9), 6783 Stryn, [bjorn.inge.flo@enivest.net](mailto:bjorn.inge.flo@enivest.net)  
Leif Magne Ljåstad (gnr/bnr 3/1) Observatorievegen 10, 2743 Harestua,  
[leif.ljastad@gmail.com](mailto:leif.ljastad@gmail.com)

Kolbein Nesheim v/ Jan Kristian Takvam (gnr/bnr 4/1), [post@advokat-takvam.no](mailto:post@advokat-takvam.no)  
Geir Ove Lindvik (gnr/bnr 5/1), Veslebygda, 6783 Stryn, [geir.lindvik@gmail.com](mailto:geir.lindvik@gmail.com)  
Arve Lindvik (gnr/bnr 5/2), Veslebygda, 6783 Stryn, [arve.lindvik@enivest.net](mailto:arve.lindvik@enivest.net)



Kjell Steinar Lindvik (gnr/bnr 5/4), 6783 Stryn, [steinar\\_kjell@hotmail.com](mailto:steinar_kjell@hotmail.com)  
Magni Fure (gnr/bnr 6/1), Åsaberget 3, 6823 Sandane, [magfure@online.no](mailto:magfure@online.no)  
Stian Fure (gnr/bnr 6/1), 6783 Stryn, [stian.fure@gmail.com](mailto:stian.fure@gmail.com)  
Roger Øren (gnr/bnr 6/2), Fure, 6783 Stryn, [roger.oren@enivest.net](mailto:roger.oren@enivest.net)  
Asbjørn Fure (gnr/bnr 6/3), Veslebygda 6783 Stryn, [asbjorn@stryneiendom.no](mailto:asbjorn@stryneiendom.no)  
Gerd-Jorunn Yttergård (gnr/bnr 6/4) 6783 Stryn, [g.j.y@hotmail.com](mailto:g.j.y@hotmail.com)  
Stryn kommune, [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)

Stryn Bondelag v/ leiar Bjørn Magnus Rørtveit, [skihella@online.no](mailto:skihella@online.no)  
Stryn Bonde- og Småbrukarlag v/ leiar Arne Sølvberg [arnsoelv@frisurf.no](mailto:arnsoelv@frisurf.no)  
Stryn og Hornindal jeger- og fiskar forbund v/ leiar Olav Andersbakken,  
[oandersbakken@gmail.com](mailto:oandersbakken@gmail.com)  
Indre Nordfjord Turlag, v/ Olav Auлем, [olav.auлем@enivest.net](mailto:olav.auлем@enivest.net)  
Stryn Energi AS, [postmottak@stryn-energi.no](mailto:postmottak@stryn-energi.no)

Sogn og Fjordane fylkeskommune, [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
Vest Politidistrikt, [post.vest@politiet.no](mailto:post.vest@politiet.no)  
Høgskulen på Vestlandet v/ avd. for naturforvaltning, Sogn og Fjordane, [post@hvl.no](mailto:post@hvl.no)  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, [sognogfjordane@naturvernforbundet.no](mailto:sognogfjordane@naturvernforbundet.no)  
Norges Jeger- og Fiskerforbund NJFF Sogn og Fjordane, [sognogfjordane@njff.no](mailto:sognogfjordane@njff.no)  
Norges vassdrags- og energidirektorat, region vest, [rv@nve.no](mailto:rv@nve.no)  
Sogn og Fjordane Bondelag, [sogn.fjordane@bondelaget.no](mailto:sogn.fjordane@bondelaget.no)  
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, [sognogfjordane@smabrukarlaget.no](mailto:sognogfjordane@smabrukarlaget.no)  
Sogn og Fjordane Skogselskap, [brandsoyplanteskule@gmail.com](mailto:brandsoyplanteskule@gmail.com)  
Sogn og Fjordane Turlag, [sft@dnt.no](mailto:sft@dnt.no)  
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, [sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)  
Sogn og Fjordane avd. NOF v/Anders Braanaas, [anders.braanaas@enivest.net](mailto:anders.braanaas@enivest.net)  
Visit Nordfjord, [mail@nordfjord.no](mailto:mail@nordfjord.no)

Statens vegvesen region vest, [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)  
Forsvarsbygg, [postmottak.arkiv@forsvarsbygg.no](mailto:postmottak.arkiv@forsvarsbygg.no)  
Norges jeger- og fiskerforbund, [njff@njff.no](mailto:njff@njff.no)  
Technogarden (nødnett), [firmapost@technogarden.no](mailto:firmapost@technogarden.no)  
Norsk organisasjon for terrengsykling - NOTS, [kontakt@nots.no](mailto:kontakt@nots.no)  
Stadnamntenesta på Vestlandet, [post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)  
Statnett, [firmapost@statnett.no](mailto:firmapost@statnett.no)  
Avinor, [post@avinor.no](mailto:post@avinor.no)  
Direktoratet for mineralforvaltning, [mail@dirmin.no](mailto:mail@dirmin.no)  
Universitetsmuseet i Bergen, [post@um.uib.no](mailto:post@um.uib.no)  
Den Norske Turistforening, DNT, [info@turistforeningen.no](mailto:info@turistforeningen.no)  
Det Norske Skogselskap, [info@skogselskapet.no](mailto:info@skogselskapet.no)  
Fortidsminneforeningen, [post@fortidsminneforeningen.no](mailto:post@fortidsminneforeningen.no)  
Luftfartstilsynet, [postmottak@caa.no](mailto:postmottak@caa.no)  
Norges geologiske undersøkelse (NGU), [ngu@ngu.no](mailto:ngu@ngu.no)  
Norges Naturvernforbund, [naturvern@naturvernforbundet.no](mailto:naturvern@naturvernforbundet.no)



Norges Skogeierforbund, [post@skogeier.no](mailto:post@skogeier.no)  
Norsk institutt for Naturforskning NINA, [firmapost@nina.no](mailto:firmapost@nina.no)  
Norsk ornitologisk forening (NOF), [nof@birdlife.no](mailto:nof@birdlife.no)  
Norsk Skogbruksforening NORSKOG, [firmapost@norskog.no](mailto:firmapost@norskog.no)  
Riksantikvaren, [postmottak@ra.no](mailto:postmottak@ra.no)  
SABIMA, [sabima@sabima.no](mailto:sabima@sabima.no)  
Universitetet i Bergen, Geologisk institutt, [post@geo.uib.no](mailto:post@geo.uib.no)  
Verdens Naturfond (WWF Norge), [wwf@wwf.no](mailto:wwf@wwf.no)  
Vestskog, [post@vestskog.no](mailto:post@vestskog.no)  
Klima- og miljødepartementet, [postmottak@kld.dep.no](mailto:postmottak@kld.dep.no)